



Postmottak - Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/69 - 19/1334

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
15.01.2019

Svar på søknad om veglys - Seim bru - fv57

Køyrevegen frå fylkesveg fv57 mot Seim er fylkesveg fv402. Søknad om veglys langs denne vegen må handsamast av Statens vegvesen, på vegne av Hordaland fylkeskommune. Dette svaret, med ditt brev som vedlegg, vert sendt i kopi til Statens vegvesen.

Når det gjeld vegen frå krysset som går under fylkesveg fv57, er denne vegen kommunal. Det er svært mange mørke vegar i kommunen og lista over ynskje om belysning er lang både langs skuleveg og andre mykje brukte tur-/transportvegar. Prinsippet om etablering av nye veglys langs kommunal veg vart for ein del år tilbake handsama politisk og avslått.

Eksisterande veglys langs kommunale vegar står no på vent fram mot kommunesamanslåinga og berre nødvendig vedlikehold vert prioritert.

Det pågår ein prosess rundt eigarskap av dei ulike belysningspunkta langs vegane i kommunen. Når eigarskapa er på plass vil fokuset langs dei kommunale vegane vere å få oppgradert eksisterande belysningspunkt.

Med helsing

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om veglys - Seim bru - fv57
Søknad om veglys

Kopi til:



Kopi til:

Sakshandsamar Statens vegvesen

Mottakarar:

Postmottak - Statens vegvesen	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Region vest			
Ranveig Vatne	Vatne 43	5912	SEIM